



Indre Nordfjord Turlag



Onsdagsturar i 2024 for Stryn gå-lag (i INT)

På neste side finn de program for alle turane som er planlagde i 2024. Det er tredje året vi prøver dette, så vi er også i år opne for endringar i løpet av sesongen. Vi legg opp til turar av ulik vanskegrad og lengde og dette er forsøkt indikert under.

Vi tar oss alltid tid til pauser undervegs, så ta med mat og drikke. Vi skal ikkje gå for fort. Kle deg etter veret og ta med godt tur-humør.

Turane vert arrangerte kvar andre onsdag og startar ved Strynehallen kl 11.00. Møt opp 5 til 10 minuttar før. Vi satsar på samkøyring frå Strynehallen til der turen startar. Vi spleisar på køyring og bom-pengar. Informasjon om turane finnst elles på INT sine heime-sider og på INT sin Facebook-side.

Dersom du ynskjer å møte direkte der turen startar eller har andre spørsmål, ta kontakt med Berit Hisdal Lunde på telefon 91313256 eller Oddmund Teigland på telefon 99638418.



Indre Nordfjord Turlag



Onsdagsturar i 2024 for Stryn gå-lag

Dato	Tur #	Informasjon om turen (km, moh, etc)	Tur-ansvarleg/ kjentmann
24/4-24	Tur 1 – Rundtur i Holmøyane (Sudstranda)	Rundturen går på den gamle riksvegen og den nye bygdevegen i bygda. 5,9 km og 214 høgdemeter. Kanskje kan vi bade og grille i Gjeilefjæra dersom veret tillet det..?	Eivind
8/5-24	Tur 2 – Den Trondhjemske postvegen Kjøs-Svor	Ca 4,5 km og 150 høgdemeter ein veg (med bil på begge plassar).	Berit
22/5-24	Tur 3 - Kulturløype på Ulvedal	Besøker Baggehola, Ulvegjølet mm. Ca 4km T/R. Turen går i litt kupert terreng, litt bratt nokre plassar.	Oddmund (kjentmann OttarUlvedal)
5/6-24	Tur 4 – Sunndalsætra (Hjelle/Oppstryn)	Turen inn til parkeringa i Sunndalen går på bomveg. Derfrå og inn til Sunndalsætra er det ca 4 km og 170 høgdemeter. Turen går på god sti og kan også vere rundtur.	Pål
19/6-24	Tur 5 – Ljøbrekka-Ljøsetra (den Trondhjemske postvegen)	Fin tur på ein del av den Trondhjemske postvegen fra Ljøbrekka/Herdalen og over til Ljøsetra og Ljøen. 6 km og 378 høgdemeter.	Eivind
7/8-24	Tur 6 – Vetten på Hogden og vetestova (frå Vinsrygg)	Ca 1 km kvar veg. 300 høgdemeter.	Berit
21/8-24	Tur 7 – Peila i Hildalen (Innvik)	Parkerer ved Hildastøylen og går på lett/småkupert sti innover til Peila (ein times tid, ca 3km hver veg)	Dagny
4/9-24	Tur 8 – Skarsteinsetra (avkøyring litt forbi Olden)	Køyrer til øvste garden på Skarstein og går opp til setra på god grusa veg/sti. Ca 2 km kvar veg. Flott utsikt frå setra, ca 400 moh	Dagny
18/9-24	Tur 9 – Melkevoll – grottene (Olden)	Ca 2 km lang rundtur på grusa sti ved Melkevoll, med omvising. Dei som har lyst, går inn til Briksdalsbreen på keisar-stien – ca 1 km kvar veg og 125 høgdemeter.	Pål Inge Melkevoll blir med som kjentmann på Melkevoll
2/10-24	Tur 10 – Lotsberg (går mot Åsane)	Lengde 5,5km. Lett, flatt terreng.	Oddmund
	Ekstra-tur: Gloppen Haugsvarden/Dagsturhytta (Sandane) – dato vert avgjort seinare		Dagny

Alle turane går onsdagar (annakvar veke) og oppmøte er ved Strynehallen kl 1100.